



Fylkesmannen i
Hordaland

Vår dato
01.04.2014
Dykkar dato
11.12.2013

Vår referanse
2013/15983 730
Dykkar referanse
13/43

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

A

Høyringsvar – forslag til forskrift om Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret

Fylkesmannen i Hordaland viser til høyringsnotat i brev av 11. desember 2013. Vedlagt følger kopi av vårt brev av 4. juni 2013 til Helsedirektoratet. Vi viser og til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt brev av 24. mars 2014 til Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi er samde i at private verksemder (helseinstitusjonar) i spesialisthelsetenesta skal avlevere journalarkiv slik som dei offentlege verksemdene. Privatpraktiserande spesialistane som har avtale med regionale helseføretak utgjør ein ikkje uvesentleg del av spesialisthelsetenesta. Vi meiner at privatpraktiserande spesialistar med eller utan avtale bør ha avleveringsplikt. Omsynet til at pasientane som har fått behandling hos privatpraktiserande spesialistar og offentlege interesser må gå føre omsynet til eventuelle vanskar med å produsere digitale uttrekk frå journalsystem.

Det er også nødvendig å endre regelverk om ivaretaking av pasientarkiv frå fastlegar og andre privatpraktiserande helsepersonell i primærhelsetenesta. Slik det går fram av vedlegg meiner vi at pasientarkiv ikkje skal avleverast til Fylkesmannen. Det bør vurderast om ikkje Norsk helsearkiv er eit betre og meir framtidsretta alternativ.

Med helsing

Rune Fjeld e.f.
assisterande fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
04.06.2013
Dykkar dato
13.09.2010

Vår referanse
2013/6711
Dykkar referanse
2008/1382

Helsedirektoratet
Postboks 7000 St. Olavs plass
0130 OSLO

Journalarkiv frå verksemder som opphøyrer

I løpet av dei siste åra har Fylkesmannen i Hordaland fått spørsmål om å ta imot elektroniske pasientjournalarkiv frå verksemder som av ulike grunnar opphøyrer, til dømes arkiv frå allmennlegar, psykologar og privatpraktiserande legar som har hatt avtale med regionalt helseføretak.

Mottak og oppbevaring av elektroniske journalarkiv reiser ei rekkje nye problemstillingar som ikkje er omhandla i pasientjournalforskrifta § 15, men som har stor praktisk betydning. Vi er kjente med at direktoratet tidlegare har teke dette opp med Helse- og omsorgsdepartementet, men har ikkje kjennskap til kva som blir gjort for å få til tenlege løysningar.

I brev av 13. mai 2013 til Den norske legeförening står det at direktoratet ikkje er kjent med at det blir arbeidd med å revidere journalforskrifta. Det går også fram at direktoratet legg til grunn at Fylkesmannen må ta utgiftene med rekonstruksjon av journalarkiv og tilgang til journalar ved spørsmål om innsyn.

Prinsipielt meiner vi at journalarkiv ikkje skal oppbevarast hos Fylkesmannen og at dette etter gjeldande forskrift, må vere siste utveg. Vi meiner det er nødvendig å revidere pasientjournalforskrifta § 15. Når det gjeld elektroniske journalsystem, har Fylkesmannen ikkje nødvendig programvare og utstyr til å ta imot ulike elektroniske journalarkiv. Vi har heller ikkje personell som har nødvendig kunnskap om dei ulike journalsystema og korleis aktuelle opplysningar skal hentast ut.

I gjeldande journalforskrift er det ikkje sagt noko om at den som skal ta imot journalarkiv, kan stille krav om kva format arkivet skal avleverast i. Vi ber om at direktoratet raskt definerer kva krav til format som kan stillast i samband med avlevering av arkiv. Dette er å sjå som ei minimumsløysning inntil det blir etablert berekraftige og framtidsretta løysningar for oppbevaring av elektroniske journalarkiv.

Fylkesmannen har heller ingen midlar til rådvelde for dekking av utgifter knytt til rekonstruksjon av arkiv, kjøp og sidan nødvendig oppgradering av utstyr, programvare og lisensar for oppbevaring av elektroniske arkiv. Vi kan ikkje utan vidare akseptere at Fylkesmannen skal dekkje desse utgiftene og er ukjent med kva direktoratet har lagt til grunn for sin konklusjon på dette spørsmålet.

Vi vonar at direktoratet i løpet av kort tid vil sørgje for nødvendige avklaringar og ser fram til å få svar.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Helga Arianson
fylkeslege